



Stendal Vvs As  
Blombakken 1  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar: Ref.:UV253Y-  
Skjemanr.:3934  
Vår: 22/5120 - 22/84077

Saksbehandlar:  
Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
03.11.2022

## Godkjent røyrleggjarmelding - gbnr 196/55 Midtgård

Me viser til røyrleggjarmelding motteke 22.06.2022 med vedlagd situasjonsplan(VA-kart) og etterlyst dokumentasjon motteke 03.11.2022.

**Adresse byggeplass:** Leknesvegen 226 – Gbnr 196/55  
**Type bygg:** Eksisterande einebustad  
**Type arbeid:** Tilnknyting offentleg vatn og avløp

### Røyrleggjarmeldinga er godkjend på følgjande vilkår:

#### Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, tekniske og administrative bestemmelsar.

Stikkeleidningar skal opparbeidast i samsvar med søknad om tilnknyting, kap.2.1. Adm.bestemmelsar. Større endringar skal varslast underteikna. Ved behov for trykkauke/reduksjon visar vi til pkt. 2.1.3 i tekniske bestemmelsar.

#### Tilnknytingsgebyr:

Gebyr vil bli fakturert etter gjeldande satsar. Vi gjer merksam på at arbeidet skal ikkje igongsetjast før gebyr er betalt. Røyrleggjarfirma pliktar å undersøkje dette før oppstart.

#### Søknadsplikt etter plan og bygningslova:

Tiltaket kan vera søknadspliktig etter plan og bygningslova. Dette må avklarast med byggesak. Ev. gebyr for handsaming etter plan og bygningslova følgjer av gjeldande gebyrforskrift.

#### Ferdigmelding:

Når arbeidet er utført, skal det sendast inn ferdigmelding til kommunen med oppdatert situasjonsplan med innmålingsdata som bygd/sosifil. Situasjonsplanen skal visa røyrføring frå bygg til tilkopling offentleg leidning.

Av omsyn til kunde er det viktig at ferdigmeldinga vert sendt inn straks arbeidet er utført. Dette for å unngå etterfakturering av kommunale gebyr.

#### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no      Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50      www.alver.kommune.no      Organisasjonsnummer: 920 290 922  
00

Etter det vi forstår har eigedom vore knytt på kommunalt leidningsnett sidan sommaren. I samband med søknad om løyve til å grave over kommunal eigedom, datert 15.07.2022, har vi fått melding om at søknad er sendt inn i etterkant av utført arbeid. Alver kommune har derfor lagt inn kommunale årsgebyr frå og med 01.08.2022.

**Hugs at søknad om godkjend ferdigmelding må sendast inn i god tid før ein skal søkja om midlertidig bruksløyve og/eller ferdigattest.**

Vi gjer merksam på at melding om utkopling/fjerning av slamavskiljar må meldast inn til byggesak på eget skjema.

**Endring av tilknytning til kommunalt vatn/avløp**

Alle endringar i ettertid, som medfører vesentlege endringar i vassforbruk eller utslepp, krev løyve frå kommunen, og skal omsøkjast. Søknad skal skje på røyrleggarmelding KF-570.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Stendal Vvs As

Blombakken 1 5911

ALVERSUND